



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

|                        |              |
|------------------------|--------------|
| LINDÅS KOMMUNE         |              |
| Klassering: 112        |              |
| 16. 09. 2013           |              |
| Ark. saksnr.: 2013/670 | Løpenr.      |
| Saksnr.: NICHRE        | tilgangskode |

Planseksjonen

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201306267-2/714/ANNVABO

Dykkar ref.:  
2013/670

Bergen, 30. august 2013

## Fråsegn til reguleringsplan for Fonnebost Småbåthamn, gnr. 106, bnr. 12 - Lindås kommune

Vi viser til brev dagsett 15. juli 2013 om høyring av forslag til detaljregulering for Fonnebost Småbåthamn. Hovudføremåla i planen er småbåthamn, naust, ulike campingfasilitetar, samt bustader. Reguleringa omfattar og utbetring av fylkesveg. Føremåla er delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til småbåthamn, friområde, bustad, LNF, fritids- og turistføremål. Kommunen har ikkje vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### Vurdering

Vi har gitt innspel til oppstartmeldinga i brev av 20.06.12. For utfyllande planfaglege råd viser vi til nettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

I denne fråsegna vurderer vi planforslaget i hovudsak ut i frå fylkeskommunens ansvarsområde og interesser knytt til regionale planar.

### Strandsone

Området er i kommuneplanens arealdel sett av til småbåthamn. Føremålet småbåthamn er, i følge kart- og planforskrifta, tenkt nytta til ålmene anlegg for småbåtar der bruken ikkje er avgrensa til nærare fastsette eigedomar. I reguleringsplanframlegget vert det lagt til rette for både småbåthamn og tre private naust innanfor området. Føremål naust er i strid med overordna plan.

Strandsona her er ein del av eit viktig regionalt friluftsområde, Vadbø. Strandsona er ei avgrensa ressurs og det er difor ikkje lenger mogleg at alle som ynskjer det kan ha eige naust. Båtfeste, småbåthamner og småbåtanlegg vert i mange tilfelle løysinga. Ei felles småbåthamn kan i mange tilfelle vere eit mindre arealkrevjande og betre alternativ enn at alle båteigarar skal få eit eige naust. Eit fellesnaust/bodar kan vere løysing for lagring av båtutstyr.

Fylkeskommunen er positiv til utbygging av småbåthamn i tråd med overordna plan. Småbåthamna må ikkje hindre ålmenn tilgjenge til strandsona. Ei utbygging av private naust vil privatisere og stykke opp strandsona. Fylkeskommunen rår i frå utbygging av naust. Dersom kommunen likevel ønskjer å tillate privat naustbygging bør det verte stilt krav om konsekvensutgreiing av endringa av arealføremål.

Det må skiljast mellom småbåthamner og småbåtanlegg i planlegginga. I plankartet må Småbåthamn (6230) verte nytta, ikkje Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (6730).



### Barn- og unges interesser

I følge Statens strålevern er det eit mål å forhindre eller redusere nye bustader, barnehagar og skuler nær høgspantanlegg. Ved nybygg kor magnetfeltet vil bli over 0,4 mikrotlesla skal det verte vurdert å sette inn tiltak for å redusere nivået. Utrekningsnivået er satt til et årsgjennomsnitt på 0,4 mikrotlesla basert på en mulig risiko for en svak aukeing i leukemifellar hos barn. I 15 meters avstand frå næraste leidning vil magnetfeltet vere nede i utrekningsnivået 0,4 mikrotlesla. Vidare seier Statens strålevern at eit generelt strålevernprinsipp er å unngå all unødig eksponering og at plasser der barn oppheld seg langvarig, som sove- og lekeplass, bør ha lavast mogleg eksponering frå magnetfelt. Ved nybygging nær eksisterande høgspenteleidning foreslår Statens strålevern at ein legg veg, parkeringsplass, garasje eller utebod nærast leidningen. Fylkeskommunen er svært kritisk til at reguleringsplanframlegget legg opp til at det er arealet til barns leik som vert plassert nærast leidningen. Plasseringa av leikeområdet er om lag 14 meter frå kraftlina og vil såleis komme nærare enn det som er tilrådeleg avstand. I vegleiar til Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging, som er hjemlet i § 3-5 i plan- og bygningsloven, står det blant anna at følgjande skal verte gitt spesiell merksemd: «*Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal vere sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.*» På bakgrunn av dette rår Fylkeskommunen i frå forslaget om plassering av leikeareal og meiner leikearealet må få ein ny lokalisering i planforslaget.

### Arkitektur og estetikk

Reguleringsframlegget inneheld føresegn om takform på bustadene. Fylkeskommunen er skeptisk til at takform vert låst før heile den arkitektoniske løysinga er utarbeida. Det er ønskjeleg at dei nye bustadene spelar på lag både med kvarandre, dei eksisterande bustadene og landskapet. Vi rår til at føresegnene er tydeleg på at det skal leggest vekt på heilskapen, der terrengtilpassing, proporsjonar i fasaden, material- og fargebruk, vindaugstypar og takform vert vurdert saman.

### Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I brev datert 20.06.2012 varsla Hordaland fylkeskommune at ei arkeologisk registrering var naudsynt for å oppfylle undersøkingsplikta i kulturminnelova § 9. I brevet vart det også lagt ved eit kostnadsoverslag for arbeidet der vi bad om skriftleg godkjenning av dette slik at vi kunne plassere arbeidet i vår feltkalender. Vi har ikkje motteke godkjenning av kostnadsoverslag.

Hordaland fylkeskommune kan ikkje gje endelege fråsegn til reguleringsplanen før undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Lindås kommune ikkje kan eigengodkjenne planen utan at undersøkingsplikta er oppfylt.

Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadene med ei slik undersøking jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi ber om at de sender ei skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om organisasjonsnummer og/eller personnummer, samt signatur til den som står som ansvarleg betalar. I kommunar der ein nyttar ressursnummer skal dette også gjevast opp. Når kostnadsoverslaget er godkjend av dykk vil vi utføre arbeidet så raskt som råd.

Vi vil minne om at vi har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 + 1 månader når planen er lagt ut til offentleg høyring, jf. kulturminnelova § 9 andre ledd. Vi gjer merksam på at planen må

reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld strandsone, barn- og unges interesser og arkitektur/estetikk, samt atterhald til kulturminne.

Hordaland fylkeskommune rår i frå forslag til reguleringsplan ut i frå omsynet til strandsone og barn- og unges interesser. Vi ber om at lokalisering av areal til leik vert endra i planen og at private naust utgår frå planen.



Marit Rødseth  
Plansjef



Per Morten Ekerhovd  
Fylkeskonservator

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Statens Vegvesen, Region Vest

Bergen Sjøfartsmuseum